

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.3.24

Stad: Fjordsenteret

Sak 18/24. Erstatningsspørsmål i samband med bygging av ny 420 kV kraftline gjennom Aurland nordre statsallmenning

Saksopplysning/vurdering

Ei ny 420 kV kraftline er under bygging mellom Vassbygdi og Sogndal. Ei god mil av denne, med 22 master, går gjennom Aurland nordre statsallmenning.

Fjellstyret gjorde den 4.5.21 Sogn og Fjordane tingrett merksam på at fjellstyret ikkje var oppført på lista over partar som skulle ha motteke skjønsvarel for oreigningsskjønn. Det var berre Statskog SF som var oppført under det gards- og bruksnummeret (57/2) som gjeld Aurland nordre statsallmenning.

Tingrettsadministrasjonen vidaresende meldinga til Statnett, og fjellstyret kom etter dette med på lista over partar i skjønnet.

Via omvegar fekk fjellstyret greie på at Statnett hadde sendt ut erstatningstilbod til heimelshavarar langs linjetrasèen hausten 2023, utan at noko slikt tilbod var motteke av fjellstyret. I slutten av november vart det kjent at Statnett og Statskog SF var i ferd med å inngå avtale om erstatningar for den delen av linja som går over statsallmenning. Avtalen vart underskriven den 21. november, (avtalen vert lagd fram i fjellstyremøtet). Summen skulle, i følgje avtaleteksten, dekkja både bruk av grunn til mastefeste og linjeframføring, og i tillegg dekkja skader og ulemper som linja kan føra med seg. Det er det siste som er det sentrale punktet her, sidan det ikkje kan vera tvil om at ulempene i hovudsak vil falla på lokale brukarar, som fjellstyret skal vareta interessene til. Dei siste dagane i november var det kontakt på telefon og e-post mellom dagleg leiar i fjellstyret og ansvarleg for erstatningsoppgjera i Statnett – Tore Kim Lunde. Eg heldt der fram at det er fjellstyret som er rettmessig erstatningsmottakar for skader og ulemper for brukarinteressene i allmenningen, ikkje Statskog. Vidare at det vil vera feil av Statnett å betala ut nokon erstatning til Statskog, så lenge det heilt klårt er usemje om fordelinga mellom heimelshavarane i allmenningen (fjellstyret og Statskog).

Parallelt med fjellstyret sin kontakt med Statnett i november-desember, vart Jan Borgnes i Norges fjellstyresamband kopla på saka. Han hadde ein korrespondanse med Statskog, der han argumenterte for at erstatninga bør fordelast ut frå den økonomiske aktiviteten partane har i allmenningen. Ei kartlegging av desse syner at fjellstyret sin aktivitet årleg er 30-50 gonger Statskog sin. Statskog har festeinntekter av ei linjehytte, medan fjellstyret har jakt på hjort, elg og småvilt, (+reinsjakt før saneringa), og fiske. I tillegg kjem beiteinteressene, som og ligg under fjellstyret sitt ansvarsområde.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.3.24

Stad: Fjordsenteret

Sak 18/24, side 2

Alternativt har fjellstyresambandet sin talsmann hevda at fjellstyret som eit minimum bør ha krav på 50 % av erstatningssummen. Statskog sitt svar på innspela frå dagleg leiar i fjellstyresambandet er at dei viser til § 12 i fjellova, som m.a. seier: «Elles høyrer bruken av statens grunneigarinntekter under departementet.» Statskog hevdar såleis at erstatningar som gjeld skader og ulemper for brukarinteressene kjem inn under «statens grunneigarinntekter» og skal inn i Grunneigarfondet, som vert administrert av Statskog. Statnett la til grunn at argumentasjonen frå Statskog var korrekt, og betalte ut den avtalte erstatninga.

Det ligg føre utskrifter frå all e-postkorrespondansen som er nemnd ovanfor (ikkje lagd ved saksutgreiinga).

Den 5.2.24 vart det halde eit Teamsmøte mellom fjellstyret v/leiar og dagleg leiar, adv. Tore Haraldsen i Harris AS og Jan Borgnes i NFS. Her vart ulike sider ved saka og vidare saksgang drøfta. Eit notat frå møtet ligg ved.

Eit spørsmål som ikkje er avklart i avtalen mellom Statnett og Statskog, er det som gjeld ulemper i anleggstida. I eit vedlegg til avtalen; «Alminnelige avtaleforutsetninger,» heiter det i pkt. 10.2: «Anleggsulemper og anleggsskader skal holdes utenfor avtalen med mindre partene er enige om noe annet.» I neste punkt, 10.3, står det følgjande: «Erstatning for anleggsskade eller anleggsulempe, samt for framtidige skader og ulemper som omhandlet foran, skal fastsettes ved særskilt avtale.» Dette talar for at fjellstyret bør fremja eit krav mot Statnett som òg tek med dekking av ulemper i anleggstida, m.a. når det gjeld jakta.

Framlegg til vedtak:

Aurland Fjellstyre er kjent med at Statnett har sendt grunn- og heimelshavarar langs traséen for 420 kV-lina Aurland-Sogndal avtaleforslag med tilbod om erstatning for grunn, ulemper og skade som linja fører med seg. Fjellstyret har ikkje motteke noko slikt avtaleforslag frå Statnett. Fjellstyret er med i oversikten over partar i linjeskjønnet, som heimelshavar under gnr. 57 bnr. 2 i Aurland. Fjellova slær fast at heimelen i statsallmenning er delt; Staten v/Statskog er grunneigar, medan fjellstyret varetek bruksrettane. § 3 i lova seier m.a. følgjande: «Fjellstyret skal administrere bruken og utnyttinga av rettar og lunnende i statsallmenningen så langt ikkje anna er fastsett i eller i medhald av lov.»

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.3.24

Stad: Fjordsenteret

Sak 18/24, side 3

Fjellstyret er kjent med at Statnett har inngått avtale med Statskog SF om utbetaling av erstatningar for strekninga som går gjennom Aurland nordre statsallmenning. På det tidspunktet avtalen vart underskriven, i slutten av november 2023, gjorde fjellstyret Statnett merksam på at det ville vera urimeleg om Statskog fekk utbetalt heile erstatningssummen, ut frå at denne og skulle dekkja ulemper og skader som linjebygginga fører med seg for bruksrettane, dvs. for dei interessene fjellstyret skal vareta. Statnett tok ikkje omsyn til innvendinga, og betalte ut heile erstatninga til Statskog SF.

Erstatningskrav for permanente skader/ulemper

Aurland fjellstyre krev difor no å få tilsendt tilbud om erstatning for skader og ulemper kraftlinebygginga fører til for brukarinteressene i Aurland nordre statsallmenning (gnr. 57, bnr. 2). Når det gjeld omfanget av fjellstyret sin aktivitet i allmenningen, er denne betydeleg større enn Statskog sin (30-50 gonger, ut frå opplysningar henta frå rekneskap). Dette bør tilseia eit eingongsvederlag til fjellstyret som minimum er på nivå med det som er avtalt med Statskog SF.

Skader og ulemper i anleggstida

I følge «alminnelege avtaleforutsetninger» dekkjer erstatninga ovanfor ikkje skader og ulemper i anleggstida. For brukarinteressene er desse vesentlege;

- Fjellstyret disponerer 52 fellingsløyve for hjort og 2 for elg i området. Kontinuerleg helikoptertrafikk skremmer hjorteviltet langt vekk, og gjer jobben med å fella dyr mykje meir utfordrande. Leigetakar Aurland jakt- og fiskelag søkte fjellstyret om halvert grunnavgift for fellingsløyva i 2023, på bakgrunn av anleggsuro. Laget fekk medhald i dette kravet, og fekk halvert grunnavgifta.
- Helikoptertrafikk og annan anleggsaktivitet fører til at området nær linjetraséen vert lite attraktivt for utøving av fiske og småviltjakt dei tre åra anleggsperioden varer. Tapt inntekt av fiske- og jaktkortsal vert konsekvensen.
- Helikoptertrafikk og anleggsuro fører til vanskar for beitebruken i området. Beitedyr trekkjer vekk frå dei vante beita, og det krevst større innsats for å samla dyra etter beitesesongen.

Desse momenta tilseier at det vert fastsett ei erstatning som og dekkjer skader og ulemper i anleggstida.

Fjellstyrekontoret, den 5.3.24

Harald Skjerdal